

Referat møte i Samarbeidsutvalet

Møtenummer: 3/2025
Dato: 22.09.2025
Tid: 16.30-17.30
Stad: Fogn oppvekstsenter, personalrommet

Til stades:

Kristel Borgemyr (1.-2. trinn), Jannike Jessen Vågane (3.-4..trinn), Sunniva Fjell (barnehage), Katrin Schniske (3.-4. og barrnehage), Nora Jessen Vågane (elevråd), Jakob Bø (skule) og Astri Sandanger (barnehage og andre tilsette), Alice Helgøy (representant frå kommune og referent via teams)

Fråfall: Lene Cecilie Johnsen (6.-7.trinn) på grunn av sjukdom

Saksliste

1. Konstituering av SU

Medlem skuleåret 2025/2026:

- a. Sunniva Fjell og Katy Schniske - foreldrerepresentant barnehage
- b. Kristel Borgemyr - foreldrerepresentant 1.-2. trinn
- c. Jannike Jessen Vågane og Katy Schniske- foreldrerepresentant 3.-4. trinn
- d. Lene Cecilie Sangedal - foreldrerepresentant 6.-7. trinn
- e. Astri Sandanger - tilsett
- f. Jakob Bø - lærar
- g. Elevråd - Nora og Syver
- h. Alice Helgøy, representant frå kommunen

Kristel Borgemyr blir valgt til leiar i SU

Sunniva Fjell blir valgt til nestleiar i SU

2. Sakar frå elevrådet

Det har ikkje dukka opp spesielt mange saker enda.

Oppdatering skulegården, dei arbeidar enda med planar, men dette er foreløpig stoppa opp. Alice informerer undervegs.

Stolar, Alice informerer om at det diverre er innkjøpsstopp.

3. Arrangement før jul

- a. Aksjonsdag på dagtid, 28.10
 - i. Fint sjølv om det var på dagtid
 - ii. Har ikkje fått innspel frå føresette om å bidra med noko når det er i skuletida
 - iii. FAU kan gi beskjed om dersom det ynskjes å bakes kaker eller liknande
 - iv. Føresette har tidligare bidratt med kaker og gevinstar og slike ting
- b. Julefest
 - i. Satt til 18. desember
 - ii. Starta 17.00 i fjar
 - iii. Det var veldig fint, men dumt at kulturskulen ikkje var med. Det er den einaste måten dei får vise seg fram. Alice kan høre med kulturskulen.

4. Eventuelle oppfølgingar av sakar 24/25

- i. Skule- og barnehagegård
- ii. Sommarstengt barnehage
- iii. Bemanning i barnehage
 1. Dårleg løysing på ei langtidssjukemelding
 2. Låg bemanning i forhold til barnetal
 3. Forskjellige løysingar i forhold til leveringstid
 4. Positivt når dei får melding om kven som er på avdelinga, dette skapar forutsigbarheit hos foreldra, fint om barnehagen kan prioritera dette

5. Ymse

- a. Kort informering økonomi
 - i. Det er eit meirforbruk, men me jobbar for å redusere dette.
 - ii. Tiltak frå kommunen: tilsettingskontroll og -stopp.
 - iii. Innkjøpsstopp
 - iv. Månedlig rapportering og oppfølging frå alle organisasjonar
 - v. Uttalling frå SU: fortvilande for tilsette og elevar
- b. Evaluering foreldremøte "alt på ein dag"

- i. Positive tilbakemeldingar at alt på ein bra dag
 - ii. Det var ok med ein time i barnehagen også
 - iii. Føresette kan ta kontakt dersom dei ynskjer det
 - iv. Uheldig når trinn- og barnehagemøter krasjer, føresette ynskjer å få med seg alt. Tipper folk heller vil vente enn at møtene krasjer.
- c. Sak frå Cecilie i 6.-7. trinn

Det er meldt inn, frå fleire foreldre i dei eldste klassane, at det er merka ei auking av ugrei ordbruk elevane i mellom. Dette fører til at fleire av elevane ikkje vil reise med skuleskyssen. I tillegg melder foreldra i frå om grupper i sosiale medier der både utesettenging og stygg ordbruk er oppdaga.

- i. Foreldra ynskjer at dei blir involvert
 - ii. Skulen skal snakke med skulebussjåfør
 - iii. Kanskje ikkje Magnus tør seie i frå? Seier elevane. Dei bryr seg ikkje om kva han seier.
 - iv. Språkbruken har endra seg dei siste åra. Det er ein heilt anna språkbruk hos elevane no enn for 2 år sidan, meinar Jakob.
 - v. Eit samarbeid med foreldra i tillegg, er nok bra. Foreldrekontaktar kan ta dette opp. Skulen og heimen må jobbe i lag.
 - vi. Nokre av elevane i dei eldste gruppene lagar snap-grupper og legg til elevar. Der er det veldig ufint språk. Foreldra har eit stort ansvar for det som skjer. Føresette har eit ansvar og må fylgje med på kva som skjer. Det har og tidligare vært utesettenging og ufint språk digitalt.
 - vii. Nokre av foreldra har hatt utfordringar med å få varslar på Vigilo - Alice sjekker opp
-
- d. Alice må informere om at det er informasjon på heimesida, kontaktinformasjon og SU-referat og kven som sit der.
 - e. Barnehage-telefonen: virkar den enda? Alice sjekker med Astri. Astri jobbar med at alle tilsette skal få tilgang i Vigilo.
 - f. Det er feil i bussrutene. Det bør sendast ut nye. Alice må sjekke og sende ut nye, oppdaterte ruter.
 - g. Fadderordninga fungerte veldig bra
- 6. Datoar for møter skule- og barnehageåret 2025-2026
 - i. 18. november
 - ii. 24. mars

iii. 26. mai

Referent: Alice Helgøy